

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 19.05.2009
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar per 15.05. 2009**

Styresak 050/09 O

Styremøte 03.06. 2009

Administrerande direktør si orientering pkt 11

Dato for brev	Saka gjeld	Status
30.01.09	Forslag om endring av turnusforskrifta § 4 – forslag om obligatorisk turnusteneste i sjukeheim for turnuslegar.	Høyringsfrist 04.05.09. Helse Vest har i uttale 06.05.09 uttrykt støtte til forslaget om obligatorisk turnusteneste i sjukeheim. Som det går fram av høyringsnotatet er det allereie i dag vanleg mange stadar at turnuslegar har praksis i sjukeheim, og forslaget blir derfor oppfatta som ei formalisering av denne praksisen. Helse Vest si vurdering er at forslaget om endring i turnusforskrifta vil understøtte samhandlingsreforma.
26.02.09	Forslag til forskrift om organisering av medisinsk og helsefagleg forsking og forslag om endringar i registerforskriftene og forvaltningsforskrifta.	Høyringsfrist 26.04.09. Saka er sendt helseføretaka for innspel og merknader. Helse Vest har i uttale 26.04.09 i hovudsak støttat forslaget til ny forskrift, men samtidig bedt om at følgjande moment blir vurdert særskilt: <ul style="list-style-type: none"> • Det bør bli vurdert om det skal bli satt ein frist for saksbehandlinga i den regionale etikkomiteen. • Det er ønskjeleg at den regionale etikkomiteen kan ettergodkjenne prosjekter. • Det er behov for ein definisjon av kvalitetssikring i forskrifta som gjer det enklare å avgjere kva som er framleggingspliktige prosjekt.
03.03.09	Forslag til krav til taksametre.	Høyringsfrist 05.06.09.
05.03.09	Utkast til nasjonal prioriteringsrettleiar for øyre-, nase-, halssjukdomar.	Høyringsfrist 17.04.09. Uttale ikkje gitt.
09.03.09	Forslag til forskrift om innsamling og behandling av helseopplysingar i System for vaksinasjonskontroll (SYSVAK-)	Høyringsfrist 09.06.09.

	registerforskrifta) og forskrift om legemidlar.	
09.03.09	Forslag til ny forskrift om opplæring og kompetansebevis for førar av utrykningskjøretøy og læreplan.	Høyringsfrist 29.04.09. Uttale ikkje gitt.
11.03.09	Endring i innretningsforskrifta, aktivitetsforskrifta, opplysningsforskrifta og den midlertidige forskrifta for einskilde petroleumsanlegg på land.	Høyringsfrist 11.06.09.
13.03.09	Utviding og revisjon av Referansekatologen over tilrådde og obligatoriske IKT-standardar i offentleg sektor.	Høyringsfrist 13.05.09. Uttale ikkje gitt.
23.03.09	Forslag om endringar i forskrift om brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff samt utstyr og anlegg som blir nytta ved handteringa.	Høyringsfrist 04.05.09. Uttale ikkje gitt.
30.03.09	Utkast til nasjonale prioriteringsrettleiar for barnesjukdomar og for fysikalsk og rehabiliteringsmedisin.	Høyringsfrist 08.05.09. Uttale ikkje gitt.
31.03.09	Utkast til forskrift om unntak frå konkuranselova for samarbeid mellom visse grupper privatpraktiserande leger, psykologar og fysioterapeutar.	Høyringsfrist 13.05.09. Helse Vest har i uttale 07.05.09 støtta forslaget om å opprethalde unnataket frå konkuranselova vedrørande samarbeid mv mellom visse grupper privatpraktiserande legar, psykologar og fysioterapeutar.
31.03.09	Høyring – Staten sin kommunikasjonspolitikk.	Høyringsfrist 01.07.09.
23.04.09	Høyring – rett til fysisk aktivitet. Det blir fremma forslag om å innføre rett til fysisk aktivitet i grunnskoleopplæringa.	Høyringsfrist 03.06.09.
16.04.09	Forslag til endring i adopsjonslova og barnevernlova.	Høyringsfrist 15.06.09.
21.04.09	Helsedirektoratet har etter oppdrag frå HOD utarbeida ein handlingsplan for habilitering av barn og unge. Planen skal bidra til å styrke helse- og omsorgstenesta sin innsats for at barn, unge og ungdom i overgangen barn/vaksne med funksjonsnedsetting, skal oppnå best mogleg funksjons- og meistringsevne, sjølvstende og deltaking i samfunnet.	Høyringsfrist 03.06.09.
24.04.09	Forslag til nye reglar i lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern. Saka gjeld gjennomgang av dei sakene der personar med psykiske lidinger har tatt liv. Det er fremja forslag om nokre endringar for å gi det midlertidige undersøkingsutvalet tilgang til nødvendig teiepliktig informasjon.	Høyringsfrist 30.04.09. Uttale ikkje gitt.
11.05.09	Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet ser behov for å regulere bruken av omgrepet universitetssjukehus, og RHFa er blitt bedt om å gi innspel på nærmare kriteriar for å kunne nytta omgrepet.	Høyringsfrist 20.06.09.

